



Bibliotekaren som tilretteleggjar

Atlas of New Librarianship av professor R. David Lankes og medarbeidarane hans er eit prosjekt som alle bibliotekarar kan ta del i. Svensk Biblioteksforening tenkte vel også å involvere medlemmane sine då dei inviterte han til Biblioteksdagarna på Gotland i mai 2011.

Denne magiske trykksaken kan knapt lesast frå perm til perm. Ein må lese her og der, også i kart, figurar, bilete og ein utbrettplakat, "The Map", som gjev oversikt over innhaldet på dei totalt fire hundre sidene.

Talen til Lankes frå Gotland er ein god introduksjon og er lettare å absorbere enn boka: <http://vimeo.com/23732998>. Eg kan ikkje lese bokas "threads and agreements" utan problem: Det kjenst som om Lankes' orale energi vil sprengje dei skrivne formuleringane hans for å forklare dei tydelegare.

Spenninga mellom tale og skrift er elles sentral i Lankes' budskap, som går ut på å nullstille verdien til gjenstandane - bøkene, tidsskrifta, CD-ane, DVD-ane, samlingane og bygningane. Hos han er nemleg biblioteket *samtalen*, fordi kunnskap er skapt av samtale. Og alle "trådane" i *Atlas* er vovne inn i eit enkelt overordna mål: "The mission of librarians is to improve society through facilitating knowledge creation in their communities".

Oppgåva til ein domar er å administrere rettvisa. Legen skal kurere dei sjuke. Bibliotekaren bør leggje til rette kunnskapsprosessane i lokalmiljøet. Det handlar ikkje om metodane, men om målet, som er "eit betre samfunn". Det avgjerande er dermed bibliotekaren sjølv og kompetansen hans eller hennar, ikkje bøker og bibliotekbygg. Avgjerande er bibliotekarens bidrag som tilretteleggjar, ein som gjer samtalen lettare, får han i gang, stør samtalepartnarane, fremjar danninga av kunnskap. For ifølgje Lankes og dei han byggjer på (han nemner f.eks. kybernetikaren Gordon Pask) oppstår kunnskap gjennom samtalar.

Eg gjev Lankes sjølv ordet ved å omsetje ein passasje om verdien av bibliotekarane for samfunnet:

"Verdien av bibliotekarane blir ikkje så mykje avgjort av ferdigheiter eller karakterar. Slikt endrar seg over tid. Bibliotekarane sin varige verdi, det alt er tufta på, er om dei er truverdige. Ved å skape og halde ved like tilliten sin i samfunnet held bibliotekaren oppe det reisverket som gjer det muleg å fungere som tilretteleggjar. ... I ei verd som er stadig meir prega av nettverk, har avgjerda om noko er truverdig gått frå å vere tufta på autoritet – frå at ein overlet den personlege vurderinga av truverde til ei anna kjelde (ein autoritet) - til at ein vel å lite

på nokon – at ein går til fleire kjelder for å fram eit felles haldningsmønster.

Dette får minst to følgjer for bibliotekarane. Dei må innsjå at dei berre er ein av fleire kjelder. Vidare må dei i det minste vere klår over at det er mange kjelder med meiningar om emna. Dette er ikkje noko nytt. Ein kan seie at det er nettopp derfor bibliotekarar blir sett på som ærlege og truverdige agentar. Det har dei oppnådd, ikkje ved å prøve å vere autoritetar på ei kjelde, men heller ved ope å vise medlemmane ein veg gjennom kjeldene sitt mangfald på leit etter samanhenger" (side 24).

Lankes' prosjekt får mi tilslutning. Det kan virkelig bli ein opnar. Må bibliotekarar samtale - og konspirere - for å forbetre verda gjennom prosessar som fører til kunnskap om henne.

Mikael Böök, bibliotekaktivist, Finland

Lankes, R. David: *The Atlas of New Librarianship*, Cambridge, MA, USA : The MIT Press, 2011, ISBN-13: 978-0-262-01509-7.

Sjå også relatert nettside: <http://www.newlibrarianship.org/>

Omsett frå svensk av Anders Ericson